

God framføring gav 7.plass i Hordablæsten

15.04.2018



Samarbeidskorpset Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk på scenen under dagens konkurranse i Grieghallen.

(OPPDATERT): Samarbeidet mellom skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen har vore ein suksess. Dei fleste av musikarane deltok i sin aller første konkurranse då dei deltok i Hordablæsten i Grieghallen i dag. I konkurranse med meir garva konkurransekorps spela dei opp mot sitt beste, og dommarane belønna dei med 89 poeng og ein fin 7.plass.

Uskedaldirigent Tor Skeie Olsen var svært fornøgd etter at han hadde hørt kva musikarane presterte på scenen:

- Strålende gjennomført konsert idag. Etter 14 dagar intens øving framførte dei to korpsa i lag programmet på ein framifrå måte i Grieghallen. Tommel opp for eit prosjekt som har gjeve meirsmak både for musikantar og dirigent. Korpset spelte så bra som dei kunne i dag, så då får resultatet bli som det blir.....

Det viktigaste har vore at ein har hatt ei positiv oppleving både i innøvingsperioden, men ikkje minst denne helga, og at kvar og ein har blitt betre på sitt instrument, skreiv dirigenten på facebook like etter framføringa i dag. Det var Rosendal skulekorps sin dirigent, Linas Dakinevicius, som dirigerte korpset i konkuransen.

Resultata vart akkurat gjort kjent på festkonserten no i kveld, og eg har ikkje vore i kontakt med nokre i korpset etter det då festkonserten enno ikkje er slutt. Men dei har absolutt god grunn til å vera fornøgde. Flott levert i debuten!!!!

Det var Ostereidet skulemusikk som vann 3.divisjon med 93 poeng føre Paradis skolekorps. Harald Eikås og Jane Vestervik var dommarar. Til saman deltok 2500 musikarar i Hordablæsten.

PS: Eg har no lese dommarkommentarane, og korpset får svært gode tilbakemeldingar både frå Harald Eikås og Jane Westervik. Dei peikar også på ting korpset kan leggja vekt på framover. Det er småting og detaljar som skal til for å få nokre ekstra poeng som gjev endå betre plassering. Begge gleder seg til å høyra korpset igjen.

Vi gratulerer med flott innsats.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strüter